

21 AUG. 2007



Statens vegvesen

Ullensvang kommune
5780 KINSARVIK

ULLENSVANG HERAD	
21 AUG. 2007	
Arkivsaknr.: 04/419	Dok.nr.: 31
Ip.nr.: 07/6518	Arkiv: 561.1
Saksh.: FORO	U.off./S:
Kopi: SBOK TTEI	

Behandlende eining:
Region vest
Bergen distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Reidun Nordgulen - 55516339

Vår referanse:
2007/109560-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.08.2007

Omklassifisering av omlagt veg på Aga.

Viser til skriv frå Statens vegvesen datert 04.12.2006 om denne saka.

Statens vegvesen har bygt ny omkøyringsveg på Rv 550 ved Aga. Tidlegare veg gjennom Aga sentrum er i dag rein lokalveg og går naturleg inn som del av det kommunale vegnettet i området.

Dette er og i tråd med godkjent reguleringsplan datert 30.02.95 og seinast revidert 24.06.03.

Vi er kjent med at Ullensvang kommune seinare i samband med fråsegn til fylkesvegplan Hordaland 2006-2015 innstilte på at vegen burde få fylkesvegstatus.

Vegen sin funksjon etter omlegginga er av lokal karakter og stettar ikkje på nokon måte kravet til fylkesveg. Jfr. Fylkestingsvedtak nr.47/70.

Det er og lagd ein informasjonsplass på denne vegparsellen, der turistar kan roe ned og orientere seg i området.

Saka blir med dette lagt fram for Ullensvang kommune til uttale før den blir sendt vidare til Fylkeskommunen og Vegdirektoratet til endeleg handsaming.

Gamle riksveg 550 frå Syreflot til kryss ny riksveg 550 forbi Aga – lengde ca. 1800 meter blir omklassifisert til kommunal veg.

Vi viser til § 7 i veglova og ber om kommunen sin uttale .

Voss og Hardanger distrikt

Med helsing

Arntfinn Ånsok
distriktssjef

Reidun Nordgulen
Reidun Nordgulen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5845 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Statens vegvesen
Voss og Hardanger distrikt
Region Vest
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
04/419-37

Arkiv
N-561.1/

Dato:
28.12.2007

OMKLASSIFISERING AV PARSELL

Melding om vedtak

Statens vegvesen har i brev datert 15. august, bede heradet om uttale i samband med framlegg til omklassifisering av parsell på Aga –RV 550. statens vegvesen ynskjer at parsellen vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg. Heradet er ikkje samd i denne omklassifiseringa og vil rå til at parsellen vert omklassifisert til fylkesveg. Heradsstyret har handsama saka i møte den 10. desember og det er fatta følgjande vedtak i saka:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret rår til at vegstrekkinga på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg.
2. Dersom Vegdirektoratet/ Fylkeskommunen ikkje vil akseptera dette ynskje, set heradet følgjande krav for overtaking av vegstrekkinga til kommunal veg:
 - Statens vegvesen skal ordna med eigedomstilhøve langs heile vegstrekkinga slik at det heradet overtek er ein eigedom som inneheld både vegbane og tilhøyrande drifts- og vedlikehaldsareal. Kostnader med dette arbeidet vert teke av Statens vegvesen.
 - Heradet overtek vegen i god stand, og Statens vegvesen skal ordna tilfredstillande grøftar på vegen.
 - Vegen skal vera sikra med autovern / sikringsmur.
 - Alle stikkveitar skal vera opne og heile.
 - Statens vegvesen, skal ved overlevering av vegen, levera med opplysningar om vegstrekkinga som er verdfulle for heradet si drifting og vedlikehald av vegen.
 - Heradet skal godkjenne arbeidet og overtakingsdato vert når alle vilkåra er oppfølge.

10.12.2007 HERADSSTYRET

Endringsframlegg frå Steinar Langesæter (SP):
"Stryka pkt. 2"

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg frå Steinar Langesæter (SP) vart samrøystes vedteke.



HST-120/07 VEDTAK:

Heradsstyret rår til at vegstrekkja på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg.

Med helsing
Ullensvang herad

John Ove Rørnes
kommuneplanleggjar

Sakshandsamar sin tlf: 53671589
Sakshandsamar sin e-postadr.: joro@ullensvang.herad.no

Vedlegg: sakshandsaming



Hordaland Fylkeskommune
Avd. Regional utvikling
pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
04/419-37

Arkiv
N-561.1/

Dato:
28.12.2007

OMKLASSIFISERING AV PARSELL

Melding om vedtak

Statens vegvesen har i brev datert 15. august, bede heradet om uttale i samband med framlegg til omklassifisering av parsell på Aga –RV 550. statens vegvesen ynskjer at parsellen vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg. Heradet er ikkje samd i denne omklassifiseringa og vil rå til at parsellen vert omklassifisert til fylkesveg. Heradsstyret har handsama saka i møte den 10. desember og det er fatta følgjande vedtak i saka:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Heradsstyret rår til at vegstrekkja på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg.
2. Dersom Vegdirektoratet/ Fylkeskommunen ikkje vil akseptera dette ynskje, set heradet følgjande krav for overtaking av vegstrekkja til kommunal veg:
 - Statens vegvesen skal ordna med eigedomstilhøve langs heile vegstrekkja slik at det heradet overtek er ein eigedom som inneheld både vegbane og tilhøyrande drifts- og vedlikehaldsareal. Kostnader med dette arbeidet vert teke av Statens vegvesen.
 - Heradet overtek vegen i god stand, og Statens vegvesen skal ordna tilfredstillande grøftar på vegen.
 - Vegen skal vera sikra med autovern / sikringsmur.
 - Alle stikkveitar skal vera opne og heile.
 - Statens vegvesen, skal ved overlevering av vegen, levera med opplysningar om vegstrekkja som er verdfulle for heradet si drifting og vedlikehald av vegen.
 - Heradet skal godkjenna arbeidet og overtakingsdato vert når alle vilkåra er oppfølge.

10.12.2007 HERADSSTYRET

Endringsframlegg frå Steinar Langesæter (SP):
"Stryka pkt. 2"

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg frå Steinar Langesæter (SP) vart samrøystes vedteke.

HST-120/07 VEDTAK:

Heradsstyret rår til at vegstrekkja på Aga vert endra frå riksveg 550 til fylkesveg.

Med helsing
Ullensvang herad

John Ove Rørnes
kommuneplanleggjar

Sakshandsamar sin tlf: 53671589
Sakshandsamar sin e-postadr.: joro@ullensvang.herad.no

Vedlegg: sakshandsaming